



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 29.01.2018
Vår ref.: 2017/16559-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Fråsegn kulturminne - gnr 11 bnr 84 - Hølleland - Lindås kommune

Vi viser til ovenfor nemnde sak til uttale. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at søknad om naust kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, ut over at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stigar, bakkeburar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

Då tiltaket omfattar areal i sjø, vart saka sendt over til Bergen Sjøfartsmuseum for vurdering. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av det omsøkte tiltaket, og har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Elles gjer Bergen Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavaren er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk, eller andre maritime kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.